



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.: 14/707-4


Arkiv: K2-V00, K3-&13 Dato: 20.10.2014

**OVERSENDINGSBREV - HØYRINGSUTTALE FORSLAG TIL NY FORSKRIFT
OM PRODUKSJONSTILSKOT OG AVLØYSERTILSKOT I JORDBRUKET**


Vi viser til utkast til ny forskrift om produksjonstilskot og avløysertilskot i jordbruket.

Høyringsuttale er vedlagt.

Med helsing


Silke Ullrich
landbrukssjef

Vedlegg: Høyringsuttale



FINNØY KOMMUNE

MØTEBOK

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Fullmaktsvedtak forvaltningsstyre	20.10.2014	219/14	SUL

Saksansvarleg Helene M. Ohm	Arkiv: K2-V00, K3- &13 Objekt:	Arkivsaknr 14/707
--------------------------------	--------------------------------------	----------------------

HØYRINGSUTTALE - FORSLAG TIL NY FORSKRIFT OM PRODUKSJONSTILSKOT OG AVLØYSERTILSKOT I JORDBRUKET - FINNØY KOMMUNE

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	09.07.2014	Landbruks- og matdepartementet	HØRING AV FORSKRIFT OM PRODUKSJONSTILSKUDD OG AVLØSERTILSKUDD I JORDBRUKET

Høringsuttale blei behandla administrativt, ikkje politisk

Landbruks- og matdepartementet har lagt fram utkast til ny forskrift om produksjonstilskot og avløysertilskot i jordbruket 09.07.2014.

1. Generelle merknadar:

Regjeringas mål er å styrke landbruket gjennom forenkling av regelverk og virkemidlar over jordbruksavtalen. Sånt som utkast til ny forskrift ligg føre er den for lite konkret og tydeleg i mange områda og derfor er forskrifta vanskeleg å forstå og forholde seg til for bøndene. Forvaltninga av forskrifta blir dermed meir basert på skjønn på mange område. Det førar til meir tidsbruk i forvaltninga og det er større risiko for at forskrifta ikkje blir forvalta likt over heile landet. Dette kan vanskeleg sjåast på som forenkling verken for bøndene eller for forvaltninga.

2. Grunnvilkåra for tilskot

Til punkt 2.2.1. – krav til vanleg jordbruksproduksjon

Krav om vanleg jordbruksproduksjon blir nå ståande som ein av to grunnvilkår. Då blir det viktig med god rettleiing i rundskriv om kva som er å rekne som vanleg jordbruksproduksjon. Det bør fastsettest minimumskrav for ulike produksjonar, som avgrensing mot for ekstensiv produksjon som ikkje skal gi grunnlag for tilskot. Utan slike minimumskrav kan det bli ulik behandling frå kommune til kommune og føre til i usakleg forskjellsbehandling.

På lik linje bør vanleg jordbruksproduksjon avgrensast mot produksjon med industriell preg. Industriell produksjon førar til ein del spesielle utfordringar bl.a. sjukdomsutbrot, bruk av antibiotika og problem med dyrevelferd.

3. Driftsfelleskap

Til punkt 3.2 – felles formelle eigarinteresser

Fjerning av regel om felles eigarinteresser fører ikkje til ein forenkling av forskrifta. Forvaltninga må utøve skjønn om driftsfelleskap som er veldig tid- og ressurskrevjande. For de som søkjar blir det uforutsigbart korleis søknadane blir vurdert når det gjeld driftsfelleskap og de kan riskere å få avkorta heile tilskotet. I verste fall kan det føre til konkursar pga. avkorting.

Finnøy kommune meiner at det er ei betre løysing at bare eit føretak kan søke dersom det føreligg felles eigarinteresse, men at det er mogleg å dispensere ifrå den regelen i særskilte tilfelle.

Til punkt 3.3 - driftsfelleskap

Vurdering om det føreligg driftsfelleskap er krevjande etter dagens regelverk. Finnøy kommune meiner at det er viktig å innføre klarare retningslinjer for vurdering av driftsfelleskap. Dette kan med fordel inkludere ein del absolutte grenser av kva som faller inn under omgrepet driftsfelleskap. På den måten blir det enklare å vurdere om det føreligg driftsfelleskap.

Eksemplar på grensar i forskrifta:

- Bare eit føretak per eigedom kan søkja, viss fleire vil søkje, så må dei søkja om dispensasjon på førehand. På den måten blir det mye meir forutsigbart for bøndene og dei risikerar ikkje å få avkorta heile tilskotet i tilfelle det blir konstatert driftsfelleskap etter at dei har søkt separat.
- På lik linje: 2 føretak i same bygning krev førehandsgodkjenning/dispensasjon for at dei kan søkja separat
- Ektepar/sambuar kan bare søkje separat etter at dei har søkt om dispensasjon og fått innvilga dispensasjon på førehand. Dette gjeldar også viss dei søkjar frå separate eigedomar.

Reaksjon ved stadfesting av driftsfelleskap:

Finnøy kommune stiller seg positiv til at søkjarane skal oppfordrast til å fremme ein felles søknad, men bare dersom dette førar til utbetaling av ein betydeleg del av tilskotet. Tilskotet skal sjølvstakt avkortast, men ikkje som regel med 100 % som føreslått i høringsnotatet. Viss det skal avkortast med 100 % burde søkarane ikkje oppfordrast å søkja samla for den søknadsomgangen det gjeld.

Samdrifter:

Oppheving av særreglar for samdrifter førar til større fare for konstatering av driftsfelleskap: Pga. fristar i samband med melkekvotereguleringa er det ikkje mogleg å løyse opp samdrifter før ny forskrift om produksjonstilskot skal tre i kraft. Det er derfor ønskeleg å innføre enten ei overgangsordning i samband med samdrifter eller å utsette heile forskrifta til 1.1.2016.

4. Tilskotsordningane

Til punkt 4.3 – Tilskot til jordbruksareal

Miljøkrav (ny § 4 gamal § 8)

Finnøy kommune meiner at det er positivt at delar av krava frå miljøplan 1 er overført til KSL. Etter den gamle forskrifta var det ein del forvirring blant bøndene rund ansvarsfordeling mellom KSL og krava i samband med miljøplan under kontroll av produksjonstilskot.

Vilkår for AK-tilskot:

1. Gjødslingsplan – Finnøy kommune stiller seg positiv til forslag om å innføre krav om gjødslingsplan i forskrifta, men det krevj godt rettleingsmateriale om krava som blir stilt til gjødslingsplanar som bonden kan forstå og rette seg etter. Det må også føreligge klare retningslinjer om korleis kommunane skal vurdere gjødslingsplanane og korleis reaksjonen skal vere viss det føreligg gjødslingsplan med manglar.
2. Sprøytejournal – Finnøy kommune stiller seg positiv til forslag om å innføre krav om sprøytejournal for de føretak som bruker sprøytemidlar, men dette kravet kan ikkje stillast overfor økologiske føretak og andre føretak som vel å ikkje bruke syntetiske sprøytemidlar. I samband med kravet om sprøytejournal er det behov for godt rettleingsmateriale om krava som blir stilt til sprøytejournalar som bonden kan forstå og rette seg etter. Det må også føreligge klare retningslinjer om korleis kommunane skal vurdere sprøytejournalar og korleis reaksjonen skal vere viss det føreligg sprøytejournal med manglar.

Inngrep i kulturlandskapet

Ny § 4, tredje ledd nr. 2 seier at føretak ikkje skal gjere inngrep som øydelegg kulturlandskapet, med mindre det er gitt særskilt godkjenning etter anna regelverk. I Finnøy kommune blir det gjennomført ein del mindre tiltak som anna regelverk ikkje fangar opp:

- Fjerning av steingardar, åkerholmar, rydningsrøyser, gamle ferdselsårar mm.
- Oppgjødsling av utmark
- Mindre inngrep i og ved vassdrag

Det er behov for klargjering av korleis slike sakar skal behandlast.

Krav til vegetasjonssoner langs vassdrag

Finnøy kommune støtter ikkje forslaget om endring av krava til vegetasjonssone langs vassdrag. Ordlyden i utkastet: *'begrenset naturleg vegetasjonsbelte som motvirker avrenning'* krev fagleg og skjønnsmessig vurdering og kan føre til usakleg forskjellsbehandling. Finnøy kommune meiner at dette bør talfestast, så at bøndene vet kva de skal forholde seg til. Som utgangspunkt er dagens tall med 2 meter kantsone greie, viss dette blir målt horisontalt frå jordkanten og ikkje frå vasskanten ved normal vasstand. Finnøy kommune meiner også at formuleringa *«med årsikker vassføring»* bør tas ut av utkastet til ny forskrift. For det første kan det vere mykje avrenning i vassdrag som ikkje har årsikker vassføring, for det andre er definisjonen av kva som vert reknar som vassdrag med årsikker vassføring skjønnsmessig belagt.

Til punkt 4.5 – tilskot til avløyising ved ferie og fritid

Finnøy kommune meiner at det er positivt at tilskot til avløyising ved ferie og fritid blir tatt inn i forskrift om produksjonstilskot.

Til § 6, andre ledd punkt 1.: *«Som avløyising regnes ikkje arbeid utført av person som 1. har næringsinntekt frå foretaket,»*

Finnøy kommune meiner at dette generelt er ein grei ordning, men at det bør gjørast eit unntak for samdrifter her. Ein viktig hensikt med samdrifter er at deltakarane deler på arbeidet for å gi grunnlag for meir ferie og fritid.

Opning for kjøp av avløysertjenester frå andre føretak enn avløysarlag eller -ring

Finnøy kommune meiner at denne endringa er problematisk. For det første krevjast det ein del dokumentasjon om kva type teneste blei utført (om det er direkte knyta til føretaket sin husdyrdrift) som kommunen må vurdere. Dette førar til meir arbeid for forvaltninga. I dag er det etablert eit effektiv og lite arbeidskrevjande system der mykje dokumentasjon blir sendt direkte til Fylkesmannen via avløysarlaga.

Denne endringa kan i tillegg føre til at avløysarlaga på sikt blir svekka. Avløysarlaga sikrar tilgang på kvalifisert og forutsigbar avløysing både for ferie og fritid og for avløysing ved sjukdom. Dette er viktig for bøndene.

Fordeling av avløysertilskot ved verksemdoverdraging

Finnøy kommune meiner at det er viktig å fortsett ha ei ordning som tillater fordeling av avløysertilskot for ferie og fritid mellom føretaka ved verksemdoverdraging. Dette bør vere ei varig ordning og hører etter Finnøy kommune sin meining derfor heime i forskrifta og burde ikkje fjernast.

5. Andre endringar

Til punkt 5.1 om konsekvensar av for seint innlevert søknad

Finnøy kommune meiner at reglene rund søknadsfristen bør behaldast sånt som i dagens forskrift. Sjølv om det er mange som søkjar elektronisk i dag er det lov å søkje på papir og ein del søkjarar nyttar seg av denne moglegheita. Viss det oppstår tekniske problem med den elektroniske løysinga er det til vanleg ikkje mogleg å få hjelp i helgene. Det er derfor viktig å holde på regelen at fristen skal alltid leggst på ein verkedag.

6. Økonomiske og administrative konsekvensar

Utkastet til ny forskrift legg opp til meir skjønsmessige vurderingar. Dette vil føre til ein god del meir arbeid for forvaltninga både i kommunane og hjå Fylkesmannen.


.....

Rett underskrift:

Dato: 20.10.2014

Sign.

Hilde Gunn Bjelde
Kommunalsjef plan og forvaltning



Silke Ullrich
Landbrukssjef